

Rekord-omsetjing på 60.000!

16.06.2009



Sjørøvarane kjem! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det vart ei rekord-omsetjing på 60.000 kroner under Aktivitetsdagen, opplyssar Anita Enæs. Ho rundar av det vellukka arrangementet på denne måten:

'Aktivitetshuset Damevenner vil takka alle som stilte opp og hjalp oss på Aktivitetsdagen i båthamna i Uskedalen på laurdag.

Mykje arbeid er lagt ned i planlegginga, men utan alle dei små og store medhjelparane våre hadde vi ikkje klart å laga til ein slik flott dag.

Tusen takk også til publikum som møtte opp i eit overveldande stort antall og dermed visar at dei set pris på ein slik dag. Det var meir enn ein Pirat Damevenn som måtte opp å tørka ei tåre i augnekroken når dei såg alle dei spente små (og store) sjørøvarane då Sjørøvarkaptein Sprød kom seglende inn mot båthavna.

Spesielt er det også å følgja med på Hopp i Havet konkurransen – her risikerar folk bokstaveleg tala både liv og lemmar for at vi andre skal ha det moro. Det er alle dei blide og fornøgde fjesa vi såg på laurdag som gjer at vi synes det er så fantastisk moro å arrangera Aktivitetsdagen!

Dagen blei ein formidabel suksess – vi hadde ei rekord omsetjing på ca. kr. 60.000,- og når alle utgifter er trekt ifrå blir det igjen ein flott sum til Aktivitetshuset. Tusen takk alle sammen – no gleder vi oss stort til neste Aktivitetsdag 12.juni 2010!